



Protokoll for fastsetjing av eigedomstakstar

Den 12.02.2025 vart det halde møte i den sakkunnige nemnda som er oppnemnd av kommunestyret i Fjord for å gjennomføre taksering av dei skattepliktige eigedomane i kommunen. Til handsaming låg fastsetjing av eigedomsskattetakstar for dei eigedomane som er førte opp nedanfor.

- Nemnda legg til grunn at skattetaksten for den enkelte eigedom skal «setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstillhøve ved fritt sal», jfr. § 8A-2 første ledd i eigedomsskattelova.
- Verdet av kraftnett skal etter eigedomsskattelova § 8 A-2 andre ledd setjast til teknisk verdi, eller avkastningsverde når det gir best uttrykk for verdet. Den innarbeidde metoden for verdsetjing av kraftnett har til no vore teknisk verdi (substansverdimetoden). Teknisk verdi vil seie kraftnettet sin gjenanskaffingskostnad, med frådrag for slitasje, elde og eventuell utidsmessigheit.
- Eigedomsskattelova § 4 tredje ledd gjev heimel for utskriving av eigedomsskatt på oppdrettsanlegg. Bestemminga har følgjande ordlyd: «Flytande anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar vert jamnstelt med nærings eigedom og anlegg nemnde i andre leden fjerde punktum, når anlegget har vore stasjonert i kommunen i over 6 månader i året før skatteåret. Eigedomsskatt vert då skriven ut sjølv om anlegget ikkje var stasjonert i kommunen 1. januar i skatteåret. Verdsetjinga av anlegget skjer jamvel etter tilhøva denne datoen. Til slikt anlegg vert rekna dei fysiske installasjonane som merder, flytemodul, fôringsmaskin, fôringslager, opphaldsrom og sanitæranlegg og liknande, samt anker, lodd og liknande til forankring.»
- Verdet av kraftproduksjonsanlegga er fastsett etter eigedomsskattelova § 8 B kraftanlegg. Verdsetjing av dei enkelte anlegga er gjort av Skattedirektoratet.

Nemnda har fastsett takstane på grunnlag av ein samansett prosess, som mellom anna har bestått av følgjande:

- Innhenting av faktainformasjon om eigedomane.
- Dialog med kraftnettaktørar og oppdrettsselskap.
- Gjennomgang av takstforslag utforma av innleigd takstfirma ESKAN AS.



Det vart fatta følgjande vedtak:

Vedtak - kraftproduksjonsanlegg

Aktør	Samla eigedoms skattegrunnlag	Fordelt eigedomsskatte grunnlag	Vedlegg – underlag frå Skattedirektoratet
EIDSDAL KRAFTVERK AS	33 997 390	33 997 390	"Eiendomsskattegrunnlag for kraftselskap 2024 - Inntektsår 2023 - Eigedomsskatteår 2025"
RAUMA ENERGI PRODUKSJON AS	249 134 960	1 325 665	"Eiendomsskattegrunnlag for kraftselskap 2024 - Inntektsår 2023 - Eigedomsskatteår 2025"
TAFJORD KRAFTPRODUKSJON AS	2 950 648 448	2 859 099 673	"Eiendomsskattegrunnlag for kraftselskap 2024 - Inntektsår 2023 - Eigedomsskatteår 2025"
HOELSFOSSEN ELVERK AS	4 989 781	4 989 781	"Eiendomsskattegrunnlag for kraftselskap 2024 - Inntektsår 2023 - Eigedomsskatteår 2025"

Vedtak – kraftnett:

Aktør	Teknisk verdi	Vedlegg
Linja AS	kr. 208 551 457,-	«Linja AS Fjord kommune 2025»
Nordvest Nett AS	kr. 35 872 509,-	«Nordvest Nett AS Fjord kommune 2025»

Vedtak – oppdrettsanlegg, flytande anlegg i sjø:


Aktør	Teknisk verdi	Vedlegg
Hofseth Aqua AS, lokalitet Skjortneset	kr. 35 400 951,-	«Hofseth Aqua AS, lokalitet Skjortneset, Fjord kommune»
Hofseth Aqua AS, lokalitet Vindsneset	kr. 72 357 092,-	«Hofseth Aqua AS, lokalitet Vindsneset, Fjord kommune»

Vedtaket er opplest og samrøystes vedteken.

Eigedomsskattelista vert lagd ut til offentleg ettersyn frå den 17.02.2025 og i seks veker.


Den sakkunnige nemnda for taksering av skattepliktige eigedomar i Fjord kommune.

Valldal, den 12.02.2025.


Jarle Hauge
Leiar


Bjørn Relling
Medlem

(ikkje til stades)


Marit Elisabeth Døving
Medlem